



Uttale til revisjonsdokument med konsesjonssøknad - Finsåvassdraget

LØPENR/SAKSNR: 469/2021-2015/468	SAKSBEHANDLER: Sven Sandvik	DATO: 24.02.2021
UTV.SAKSNR: 21/11 21/20	UTVALG: Utvalg for teknikk, landbruk og miljø Kommunestyret	MØTEDATO: 09.03.2021 25.03.2021

Samandrag

Konsesjonsvilkåra til Finså-utbygginga skal reviderast. Rådmannen meiner at det er grunnlag for å pålegge minstevassføring i Lindåna, Hemsåna og Finsåna. Rådmannen foreslår innføring av magasinrestriksjonar for å sikre ein høg sommarvasstand i Bjørnestadvatnet.

Bakgrunn

Hovudkonsesjonen for Finså-utbygginga vart gitt i 1961. Sirdal kommune fremma krav om revisjon av konsesjonsvilkåra i 2011, 50 år etter gitt konsesjon. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fatta vedtak om opning av revisjonssak den 05.03.2013.

Agder Energi Vannkraft AS (heretter omtalt som Agder Energi) har utarbeida eit revisjonsdokument med konsesjonssøknad for utviding av slukeevna til Finså kraftverk. NVE har lagt revisjonsdokumentet med konsesjonssøknad ut på høyring med høyringsfrist 01.03.2021. Sirdal kommune har fått utvida frist til 29.03.2021.

Konsesjonssøknaden for utviding av slukeevna er integrert i sjølvrevisjonsdokumentet (vedlegg 1). Revisjonsdokumentet har i alt 19 vedlegg. Eit utval av desse er lagt ved denne saka – resten er tilgjengelege for nedlasting på NVE si heimeside www.nve.no/konsesjonssaker.

Rammer og føringar for revisjonsprosessen er lagt i Olje- og energidepartementet (OED) sine [retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringar](#)

Revisjonstilgang og føremål

Vassdragsreguleringslova gjev konsesjonsmyndegheita heimel til å fastsetje nye vilkår når ein konsesjon er 50 år gamal, og deretter kvart 30. år.

Hovudføremålet med revisjon er å betre miljøtilhøva i og langs regulerte vassdrag ved å sette nye vilkår for å bota på ulemper og negative verknader som har oppstått som følge av reguleringa. Dette skal vegast opp mot miljø- og samfunnsinteresser knytt til kraftproduksjon.

Revisjonstilgangen opnar mellom anna for at ein kan vurdere endring av vilkår knytt til manøvreringspraksis, minstevassføring, biotopjusterande tiltak og utsetting av fisk. Privatrettslege tilhøve, økonomiske krav og føresegnar om høgaste og lågaste regulerte vasstand (HRV og LRV) og overføringer, er ikkje omfatta av revisjonstilgangen.

Standard naturforvaltningsvilkår

Ved revisjon vert konsesjonsvilkåra modernisert og det vert innført ei rekke standardvilkår som gjev myndigheitene heimel til å gi pålegg om miljøundersøkingar, fiskeutsetting, biotopforbetrande tiltak, erosjonssikring, terskelbygging, bidrag til kulturminnevern m.m. Etter at konsesjonsvilkåra er revidert, vil tiltak som er heimla i standardvilkåra kunne påleggast laupande etter gjeldande konsesjon. Ein treng med andre ord ikkje vente heilt til neste opning for revisjon om 30 år.

I høve OED sine retningslinjer for revisjon, inneber innføringa av oppdaterte standardvilkår at vurderingstema i revisjonssakene i stor grad kan reduserast til minstevassføring, andre vassføringsrestriksjonar og magasinrestriksjonar.

Opprusting og utviding

Når det vert opna revisjonssak, ber NVE konsesjonæren vurdere om det finst realistiske opprustings- og utvidingsprosjekt som kan sjåast i samanheng med revisjonen.

I denne revisjonssaka er det søknaden om utviding av slukeevna til Finså kraftverk som vert sett i samanheng med revisjonen.

Agder Energi har også sett på alternativ for pumping og/eller effektutviding i Finsåvassdraget, men vurdert marknadssituasjonen slik at dette ikkje er aktuelt med det første og difor ikkje hensiktsmessig å vurdere i tilknytning til revisjonen. Slike prosjekt vil eventuelt måtte behandlast separat dersom det skulle bli aktuelt på ei seinare tidspunkt.

Søknad om konsesjon for utvida slukeevne i Finså kraftverk

Agder Energi gjennomførte ei rehabilitering av Finså kraftverk sumaren 2019. I denne samanheng vart turbinhjulet og generatoren oppgradert slik at det no ligg til rette for å auke slukeevna til Finså kraftverk med ca. 14 %, frå dagens 8,83 m³/s til 10,1 m³/s. Agder Energi har i dette tilfellet valt å ta utbygginga først og satse på at ein får innvilga konsesjon. Etter Agder Energi sine anslag har utvidinga av slukeevna kosta omlag 5 millionar kroner. Agder Energi ventar at utvidinga kan gi ca. 5 GWh meir produksjon årleg.

Førebels prioritering i 2013

I samband med meldinga om oppstart av revisjonssaka bad NVE kommunen prioritere og grunngi krava. Dei innleiane fagvurderingane av reguleringa sin verknad på Lindåna, Hemsåna og Finsåna, var på dette tidspunktet ikkje ferdige. Det var difor viktig for kommunen å ta atterhald om at prioriteringane kunne endre seg dersom det kom fram ny kunnskap.


Kommunestyret vedtok den 17.10.2013 følgjande:

«Sirdal kommune prioriterer følgjande krav:

- Minstevassføring i Hemså og Finnså.
- Manøvreringsrestriksjonar for Bjørestadvatnet.
- Forpliktande planar for oppreinsking av vatn og elvar, sediment og tilgroing.
- Redusere negativ visuell effekt av røyrgata til Finså kraftstasjon.

Prioriteringane er førebelse. Ny kunnskap og nye argument som kjem fram i løpet av prosessen vidare, vil kunne føra til endringar i prioritering.»

Oversiktskart over Finsåreguleringane



Politisk signal oktober 2020

Sirdal kommune fekk ein kopi av revisjonsdokumentet frå Agder Energi til intern bruk i september 2020, før NVE la dokumentet ut på offentlig høyring. Etter gjennomlesing og diskusjon i kommunen si politiske arbeidsgruppe for prosjekter, fann dei folkevalde at det var grunn til å sende NVE og Agder Energi eit tidleg varsel om at minstevassføringa som var foreslått for Finsåna i revisjonsdokumentet, ikkje var akseptabel for kommunen. Kommunestyret vedtok den 15.10.2020 følgjande:

«Sirdal kommune krev at det vert stilt vilkår om heilårig minstevassføring i Finså basert på alminneleg lågvassføring før regulering, målt etter samløp med Sagåni. Kravet gjeld uavhengig av spørsmålet om konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk.»

Vidare prosess

Normalt vil det i løpet av høyringsfasen bli gjennomført ei offentlig synfaring der NVE, konsesjonær og dei som har reist krav deltek. NVE har opplyst at denne synfaringa neppe kan gjennomførast før tidlegast på sumaren/hausten 2021. Dette mellom anna på grunn av smittefare.

NVE kjem til å sende kopi av innkomne uttalar til Agder Energi for kommentar. NVE kan i samråd med miljømyndegheitene stille krav om ytterlegare utgreiing eller tilleggsinformasjon.

NVE sender si innstilling til OED. OED sender innstillinga på høyring. Når OED si behandling er ferdig, vert nye vilkår fastsett ved kongeleg resolusjon.

Vurdering

Rådmannen ser det ikkje som hensiktsmessig å dra denne prosessen lenger ut i tid ved å be om nærare utgreiingar, oppdatering av grunnlagsdata, berekningar av ulike minstevassføringsregime, eller liknande. Rådmannen meiner at kunnskapen som ligg føre per i dag er tilstrekkeleg til å slå fast at det er grunnlag for å pålegge minstevassføring i Finsåna, Hemsåna og Lindåna.

Agder Energi har gjennom prosessen vist liten vilje til å gjere konkrete utgreiingar av minstevassføring som avbøtande tiltak. Rådmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er for tynt til å forsvare pålegg om slepp av minstevassføringar som er *mindre* enn alminneleg lågvassføring før regulering. Mangel på kunnskap bør ikkje nyttast som argument for å utsette eller unnlate å fatte vedtak om endring av vilkår til fordel for natur, landskap og friluftsliv.

Etter rådmannen sin vurdering vil ein mjuk magasinrestriksjon som sikrar høg sommarvasstand i Bjørnstadvatnet kunne komme landskap-, miljø- og brukarinteresser til gode utan at dette treng gå hardt ut over kraftproduksjonen.

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av rådmannen sine vurderingar knytt til planar for oppreinsking, røyrgata til Finså kraftverk, minstevassføring i Lindåna, Hemsåna og Finsåna og magasinrestriksjonar for Bjørnstadvatnet.

Forpliktande planar for oppreinsking

Kravet hadde sitt utspring i lokal misnøye knytt til måten Agder Energi skjøtta det ansvaret ein som konsesjonær har for å reinske opp i vatn og elvar der det er utfordringar med sedimentering og attgroing som følgje av reguleringa. Kommunen har etterlyst rutinar

og system som sikrar at Agder Energi får jobben gjort, utan at kommunen eller enkeltinnbyggjarar treng mase eller passe på. Ein langsiktig forpliktande plan, med fastsette intervall for oppreinsking, ville kunne gjera det meir føreseieleg og virke konfliktdempande. Det er gjerne enklare å slå seg til ro med at eit vassdraget ikkje er eigna for bading denne sommaren, dersom du veit at det ligg føre konkrete planar for oppreinsking neste sommar.

Rådmannen oppfattar at Agder Energi generelt har ei positivt innstilling til gjennomføring av tiltak som ikkje går ut over kraftproduksjonen. Agder Energi engasjerte i 2014 to studentar til å kartlegge attgroinga i alle vassdragsavsnitt og har no lagt inn tilsyn med attgroing som eit fast tilsyn kvart femte år. Førre tilsynsrunde var i 2016, så då vert det ny tilsynsrunde i år.

Kommunen har blitt gjort merksam på at det er to stader på Feed der sedimentering og attgroing har ført til at elvelaupet er innsnevra slik at flaumvatn tek vegen over dyrka mark. Dette bør takast tak i på årets tilsynsrunde.

Rådmannen går ikkje nærare inn på dette kravet, då denne typen tiltak vil bli handtert etter dei nye standardvilkåra og ikkje gjennom sjølve revisjonssaka.

Visuell effekt av røyrkata til Finså kraftverk

Agder Energi opplyser at behovet for ny overflatebehandling av trykkrøyet vil bli vurdert i samband med NVE sitt neste hovudtilsyn i 2021. Når det vert behov for å sandblåse og male røyrkata på nytt, vil Agder Energi vurdere eit anna fargeval i lys av kommunen sitt krav.

Magasinrestriksjonar Bjørnestadvatnet

Bjørnestadvatnet er det mest synlege magasinet i Finså-utbygginga. Det er både fastbuande og fritidsbustader rundt vatnet og fylkesvegen fylgjer vatnet tett langs heile nordsida


I høve Agder energi vil ein restriksjon om høg sommarvasstand i Bjørnestadvatnet kunne føre til at magasinet ikkje kan utnyttast fullt ut i vinterhalvåret fordi ein skal kunne garantere ein gitt vasstand til eit gitt tidspunkt. Agder Energi viser til OED sine retningslinjer der det står at ein ikkje kan pålegge restriksjonar som i praksis gjer det umogleg å utnytte heile reguleringa.

Rådmannen sin vurdering er at Agder Energi truleg har heilt rett i dette. Ein bastant magasinrestriksjon som forpliktar konsesjonær til å garantere for ein gitt vasstand innan ein gitt dato, vil etter alt å døma vera i strid med OED sine retningslinjer. Rådmannen foreslår difor heller at kommunen ber NVE vurdere mjukare restriksjonsmodellar.

Her er eit forslag med utgangspunkt i dagens situasjon, utan utvida slukeevne i Finså kraftverk:

«Etter vårflaumen, skal heile lokaltilsiget til Bjørnestadvatnet nyttast til oppfylling av Bjørnestadvatnet fram til vasstanden kjem over kote 350,5 (2 m under HRV). Vasstanden skal så haldast over kote 350,5 fram til 15. september. Desse restriksjonane er ikkje til hinder for nedtapping i samband med flaumhendingar.»

Med ein slik restriksjon vil Agder Energi stå fritt til å nytte heile reguleringshøgda på vinteren, ved behov. Det er ingen datofrist for oppfyllinga. Merk at det berre lokaltilsiget til Bjørnestadvatnet som er øyremerkta til oppfylling. Det vil sei at Agder Energi kan bruke dei andre magasinane sitt tilsig og volum til regulering medan Bjørnestadvatnet vert fylt.



Magasinkurve for Bjørnestadvatnet i perioden jan. 2014 – juni 2019. Den låge vasstand i 2019 var knytt til rehabiliteringa av Finså kraftverk og tappeluke i Lindvatn.

Vasstandskurvane for Bjørnestadvatnet for perioden 2014 til 2019 syner at det er sjeldan vatnet vert manøvrert meir enn 2-3 meter under HRV. Kurvene syner også at det er mange svingingar i løpet av året. Grunneigarar på Osen har erfart at køyremønsteret har vorte meir aggressivt i nyare tid. Dei meiner dette er til ulempe for jord- og skogbruksdrift og bruk av vatnet i samband med fiske og friluftaktivitetar. Ein hadde ikkje føresetnader for å føresjå dagens køyremønster når konsesjonen vart gitt. NVE bør derfor vurdere dette under revisjonen. Grunneigarane meiner at Agder Energi må få pålegg om å bygge ein rampe i Osen, med tilstrekkelig lengde slik at båtar kan setjast ut og takast opp uavhengig av vasstand. Rådmannen meiner dette er eit rimelig krav.

I høve Terrateknikk ligg sommarvasstanden etter dagens regime på eller rett over 1 meter under HRV. Etter utviding av slukeevna, tydar simuleringane til Agder Energi på at sommarvasstanden vil verta 0-70 cm lågare. Etter Terrateknikk sin vurdering vil dette kunne framstå som ei markant negativ endring for landskapsverdien til Bjørnestadvatnet. Ei slik negativ endring vil også kunne skje innanfor dei rammene som er sett opp i rådmannen sitt forslag. Ved utviding av slukeevna vil det difor vera nødvendig å skjerpe inn restriksjonane.

Finså

I revisjonsdokumentet er det – i tillegg til fysiske tiltak i Finså – foreslått eit prøveprogram der ein i samarbeid med kommunen slepp ei lita sirkulasjonsvassføring på inntil 50 l/s frå tverrslagstunnellen ved Timreknollen i perioden 15. juni til 1. september. Denne sirkulasjonsvassføringa utgjer mindre enn 1/10 av alminneleg lågvassføring. Føresetnaden for Agder Energi sitt forslag om slepp av sirkulasjonsvassføring er at det vert gitt konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk. Dersom det ikkje vert gitt konsesjon, foreslår Agder Energi ikkje noko slepp av vatn i Finså i det heile teke.



Kartet overfor syner mogelege sleppunkt for minstevassføring og Sirdal kommune sitt forslag til målepunkt for alminneleg lågvassføring.

Så langt rådmannen kan sjå, er det for Finså ikkje gjort nærare utgreiingar av kva ein får att i form av nytte for miljø, landskap og samfunnsinteresser ved slepp av ulike vassmengder, eller ved ulike regime for slepp av vatn. I hovudrapporten for Finså, nr. 14 – 2013, legg Terrateknikk til grunn at ei fornuftig tilnærming for å redusere skader frå vasskraftutbygginga og auke flatelv-partia sin verdi for landskap og biologi, må omfatte ein auke i vassføring. Terrateknikk antyder at det kan forventast pålegg om slepp av +/- 500 l/s, men slår samstundes fast at dette kan gå ut over mogelegheita for ferdsel i fosseløpa. Av omsyn til produksjonsgrunnlaget og moglegheitene for juv- og elve-vandring, tilrår Terrateknikk ei avgrensa minstevassføring kombinert med fysiske tiltak i elva. Ein går ikkje nærare inn på minstevassføringa sin storleik.

Moglegheita for ferdsel i fosseløpa bør etter rådmannen sitt syn ikkje vektleggast. Så langt rådmannen kjenner til, er det ikkje noko ferdsel av nemneverdig tyding i elveløpet.


I tillegg til behovet for å betre miljø- og naturforhold, er det knytt ulike samfunnsinteresser til det å ha ei viss heilårig vassføring i Finså. Om det vert brann kan ein ha behov for slökkjevatn, i tørkesituasjonar kan ein ha behov for vatn til vatning av jordbruksareal, og om vinteren er det behov for vatn til produksjon av kunstsno på Feed skiarena. Sistnemnte er eit regionalt konkurranseanlegg for langrenn og skiskyting.

Då det ikkje føreligg konkret dokumentasjon som tilseier at det kan takast tilstrekkelig omsyn til miljø, landskap og samfunnsinteresser ved lågare vassføringar, meiner rådmannen at det er rimeleg å legge til grunn alminneleg lågvassføring. Dette bør gjerast uavhengig av om slukeevna til Finså kraftverk vert utvida, eller ikkje.

Lindåna

Lindåna mista omlag 86 % av nedbørsfeltet sitt når Lindvatnet vart senka og overført til Finså Kraftverk i tunell. Det gamle elvefaret til Lindåna fungerer i dag som flaumløp for magasinet, men det kan gå fleire år mellom kvar gong det renn vatn ut i elva. Under tørre sumrar, når restfeltet ikkje gjev frå seg vatn, tørkar Lindåna nærast ut.

I revisjonsdokumentet er minstevassføring kort omtalt som eit alternativ for å bøte på ulemper knytt til utviding av slukeevna i Finså kraftverk. Agder Energi har skissert ei løysing der ein etablerer ein 400 til 500 meter lang tappetunell (sjå figur nedanfor). Alternativt vert det foreslått å etablere ein pumpestasjon. Etter det kommunen har fått opplyst frå Agder Energi, er det så langt ikkje utarbeidd noko kostnadsoverslag eller nærare vurdering av desse løysingane.



I høve Terrateknikk har Lindåna truleg omfatta fuktkrevjande og potensielt sjeldne biotopar før regulering. Etter regulering – og nær tørrlegging av Lindåna – er det sannsynleg at ein har fått mindre ståande fuktigheit i nærområdet til elva og dermed også eit redusert innslag av særleg fuktkrevjande artar av insekt, sopp og lav knytt til nedbrytingsstadia til tre. I den innleiande vurderinga i 2013 anslo Terrateknikk at sjølv ei lita minste- eller sikringsvassføring ville kunne vera nok til å auke mengda ståande fukt og vinne attende delar av dei gunstige tilhøva for biologisk mangfald.

Agder Energi har dessverre ikkje følgd opp den innleiande vurderinga med nærare utgreiingar av kva for minstevassføringsnivå eller andre hydrologiske endringar som skal til for å auke dei biologiske og landskapsmessige verdiane.

Lindåna har sidan 12.12.2014 vore ein del av Øykjeheia naturreservat. Naturreservatet sitt føremål er å verne biologisk mangfald. Føremålsparagrafen lyder slik:

«Formålet med naturreservatet er å bevare et område som har særlig betydning for biologisk mangfold ved at det er et av de største sammenhengende gammelskogområdene i regionen, og som er upåvirket av moderne skogbruk. Området har elementer av boreal lauvskog som gamle ospeholt, rik sumpskog og kulturbetinget høstingsskog. Videre er formålet å bevare et område som har særlig betydning for biologisk mangfold ved at det har en sammenhengende vertikalgradient fra 50 til 500 moh.

Det er en målsetting å beholde verneverdiene i mest mulig urørt tilstand, og eventuelt videreutvikle dem.»


Slepp av minstevassføring i Lindåna vil kunne bidra til å bevare og restaurere eit mangfald av særleg fuktkrevjande artar knytt til nedbrytingsstadia til tre. Dette går rett til kjernen av verneføremålet.

Minstevassføring i Lindåna vil også kome friluftsiinteressene til gode. Anleggsvegen som følgjer Lindåna er ein populær turveg som er særleg godt eigna for familieturar. Dette er også ein av dei enklaste innfallsportane til naturreservatet.

Vernestatusen inneber at det på lengre sikt ligg eit stort potensial for auka i friluftsverdi i området. Etter kvart som trea vert større og eldre, og mangfaldet rikare, vil området kunne verta stadig meir interessant for natur- og friluftsiinteresserte. I urørte nordiske skogar kan furutre oppnå ein alder på 700 til 800 år. Langs Lindåna er det lengre parti med høg

og sær s høg bonitet. Her kan det tenkast at furutrea kan komme opp i høgder på 20 til 30 meter, kanskje endå høgare. På Nordmøre er det registrert furutre med høgder på opp til 40 meter. Langs vassdrag i urørte skogområder, vert det gjerne danna kontinuerlege strenger av lauvskog. Ei av forklaringane på dette er at gjentakande flaumhendingar skaper dynamikk og ustabilitet slik at lauvtrea får høve til å etablere seg. Lauvtrea vert ikkje like gamle og store som bartrea, men dei er sær viktige for artsmangfaldet.

Ei utviding av slukeevna til Finså kraftverk vil etter alt å døma krevje dispensasjon frå verneforskrifta til Øykjeheia naturreservat. I høve verneføresegnene er det i utgangspunktet ikkje lov til å setje i verk tiltak som kan endre på naturmiljøet. Agder Energi sine simuleringar av flaumtap frå Lindvatnet før og etter utviding av slukeevna tydar på at naturmiljøet vil kunne bli endra. Simuleringane er gjort med historiske tilsigseriar frå 1961 til 2011 og framtidige prisprognosar. I høve simuleringane vil Lindåna i snitt få tilført 20 % mindre flaumvatn årleg etter utviding av slukeevna. Ein ventar at talet på år der Lindåna ikkje får tilført flaumvatn i det heile tatt, vil auke.



Rådmannen registrerer at flaumhendingane synest koma langt hyppigare mot slutten av tilsigsperioden som er lagt til grunn. Ein skulle gjerne ha sett simuleringar basert på nyare tilsigsdata, med og utan klimapåslag, og med fordeling av forventa flaum etter årstid. I høve OED sine retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår er det den siste oppdaterte tilsigsserien som skal leggst til grunn for vurderinga av potensielle miljøgevinstar og redusert kraftproduksjon.


Agder energi har i revisjonsdokumentet vurdert at utvidinga av slukeevna til Finså kraftverk ikkje vil ha merkbar påverknad på Lindåna eller merkbare konsekvensar for verneverdiane «siden det også i dagens situasjon går lang tid mellom hver gang det er overløp her». Rådmannen kan ikkje sjå at Agder Energi har lagt fram fagleg dokumentasjon som støttar opp under desse vurderingane.

Rådmannen meiner det bør vera mogeleg å leggje til rette for tapping av minstevassføring frå Lindvatnet på ein rimelegare måte enn det som er skissert i revisjonsdokumentet.

Vasstandskurvene for perioden 1992 til 2014, syner at det er svært sjeldan Lindvatnet vert manøvrert heilt ned til lågaste regulerte vasstand 357 moh. Svingingane i vasstand skjer stort sett innanfor dei 10 øvste meterane. Dersom ein set inntakspunktet for minstevassføring noko høgare oppe i magasinet, vil lengda på tappetunnellen kunne kortast vesentleg inn.

Strekninga som får nytte av minstevassføringa vil då også verta lenger.

Manøvreringsreglementet kan utformast slik at Agder Energi likevel har høve til å tappe Lindvatnet ned til LRV når ein har behov for dette om vinteren. Det bør i så høve stillast vilkår om tappestopp på våren, fram til vasstanden er attende på nivået for inntak av minstevassføring.



Hemsåna

Det føreligg inga heilskapleg vurdering av reguleringa sin verknad på Hemsåna og inga heilskapleg vurdering av relevante tiltak for å bøta på skader. I den innleiande vurderinga, som Terrateknikk gjennomførte i 2013 (sjå vedlegg 2), er det opplyst at utgreiinga etter bestillinga er gjort kortfatta og med avgrensa ressursbruk.

Terrateknikk vurderte at eit alternativ med slepp av minstevassføring ville ta best vare på naturinteressene, medan eit alternativ med sikringsvassføring i plassen for minstevassføring og demping av restfeltet til Øvre Løyntjød, ville ta best vare på kraftproduksjonen. Agder Energi valde å utgreie vidare det alternativet som tok best vare på kraftproduksjonen og ikkje utgreie vidare det alternativet som tok best vare på naturinteressene. I tillegg valte Agder Energi å droppe sikringsvassføringa som Terrateknikk la til grunn som eit sentralt element i alternativet med demping av restfeltet til Øvre Løyntjød. Tilbakemeldinga frå grunneigar er at dempingstiltaka som er gjennomført ikkje fungerer tilfredsstillande.


I samband med Terrateknikk si nærare utgreiing av tiltak for å dempe restfeltet til Øvre Løyntjød i 2014, vart strekninga frå Øvre Løyntjød sitt hovudutløp fram til samløpet med bekken frå Nedre Løyntjød undersøkt. Denne strekninga vart ikkje undersøkt i 2013. Notatet der natur- og bruksverdien til strekninga er omtalt (Terrateknikk notat nr. 10d – 2014) er ikkje lagt ved revisjonsdokumentet. I notatet skriv Terrateknikk mellom anna følgjande:

«Vekslingen mellom korte bekkeavsnitt og loner, til dels av ikke ubetydelig størrelse, skaper svært mange til dels isolerte vannforekomster med betydelig grad av variasjon i strømningsbilde og struktur. Multiple fossefall bidrar til dette.

De mange lonene vil utgjøre aktuelle leveområder for mange vanninsekter, amfibier og for noe vann- og vadefugl som kan trives i de avgrensede forekomsten.

Strekningen er i sin helhet fri for spor av tekniske inngrep, noe som egentlig er spesielt, ut frå hvor nær vei og folk strekningen befinner seg. Både lonene og de multiple fossefallene, svabergsområder og tilgrensende gressflater skaper tiltalende små landskapsrom som, tross nærhet til bilvei, hytter og nærliggende vannkrafttiltak, fremstår som helt forskånet fra inngrep.


Noen av lonene har egnet størrelse og struktur for utøvelse av sportsfiske, og noen få er fine områder for bading. På bildet under er en typisk lon vist, og som vist på kartet på neste side er det ikke mindre enn ni stykker av slike små vannforekomster på den relativt korte strekningen som her er vurdert.



I notatet opplyser Terrateknikk at ein fann daud fisk under feltarbeidet i 2014, både på strekninga med loner i Hemsåna og i Finsåna. Fiskedauden vert knytt til stillstand med høg temperatur og/eller lågt oksygennivå. Terrateknikk vurderer at deler av lone-strekninga i Hemsåna kan utgjere permanente heilårige leveområde for aure, dersom dei vert sikra vassføring. Auren vandrar ned i lonene frå Øvre Løyntjødn.

I den innleiande vurderinga frå 2013 skriv Terrateknikk at det ikkje er sannsynleg at innløpsbekkane til Øvre Løyntjødn har fungert som reproduksjonsområde for Øvre Løyntjødn den gong vassføringa og kjemien var normal. Dette dels på grunn av mangel på lausmassar og dels fordi det er for høgt fall over steinane 10 m oppstrøms utløpet. I høve opplysningar frå lokalkjende var det også fisk ovanfor Øvre Løyntjødn i gamle dagar. Ved Tvigrein, der Hemsåna delar seg i to ca. 100 m før innløpet til Øvre Løyntjødn, skal det tidlegare ha vore eit godt gyteområde. Rådmannen kan ikkje sjå at dette området er undersøkt eller nærare omtalt.

Den 700 m lange strekninga mellom bekkeinntaket og Øvre Løyntjødn synest i det heile teke vera noko sparsamt utgreia. NVE lyt her vera merksam på at bekkeinntaket i NVE Atlas er plassert på feil stad. Som synt i kartet nedanfor, ligg bekkeinntaket ca. 500 m lenger oppstrøms. Legg også merke til turstien som følgjer Hemsåna i kartet. Dette er del av den merka turløypa frå Hompland til Steindalsknuten og Falkeknuten. Ta gjerne ein kikk på turskildringa og bilete som er lagt ut på Lister friluftsråd si heimeside, listerfriluft.no.



I nyare tid er det gjort mykje for å leggja til rette for friluftsliv i området. I tillegg til merking, skilting og oppsett av gjerdeklyvar, er det drive landskapspleie med geiter og rydda skog for å opne opp. Idrettslaget har hatt turorienteringspostar som har bidrege til å gjere området meir kjent. Lokalkjende seier dei ser aukande bruk av området, også av folk som ikkje har lokal tilknytning til staden.

Minstevassføring vil vera positivt for landskapet og auke verdien av området for friluftsbruk, særleg på strekninga ned til samløpet med Steiebekk.

I nedre del av Hemsåna er sedimentering og attgroing eit problem. Dette vert knytt til dominansen av låge vassføringar etter regulering og då særleg redusert hyppigheit av naturlege flaumar. Her vil ein med jamne mellomrom måtte gå inn med maskinar og grave ut vegetasjon og sediment som hopar seg opp i elveløpet, uavhengig av om det vert sleppt minstevassføring eller ikkje. Ei minstevassføring vil under tørre somrar her likevel kunne utgjera eit verdifullt og etterlengta tilskot til gagn for folk og kulturlandskap. Kanskje er dette akkurat det litle ekstra som skal til for å gjere det greitt å bade i Hemsåna att, når finveret for alvor slår til på sommaren? Under tørre somrar kan det også verta knapt med vatn til vatning av jordbruksarealet på Hompland.

Agder Energi har berekna at ei heilårig minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 55 l/s vil gi eit tap i Finsåvassdraget på 1,41 GWh årleg. Slik rådmannen oppfattar revisjonsdokumentet, er det ikkje samfunnet sitt tap av fornybar kraftproduksjon Agder Energi har berekna her, men sitt eige produksjonstap.

Agder Energi har fått lov til å produsere under særdeles gunstige vilkår i snart 60 år. Rådmannen er viss på at Agder Energi har råd til å sleppe litt minstevassføring. I retningslinjene til OED vert det vist til føringar lagt gjennom forarbeida til endringa av vassdragsreguleringslova (Ot.prp. nr. 50 (1991-92)). I høve retningslinjene er det i forarbeida lagt ei føring om at *“det for eldre reguleringer der anlegget for lengst er nedskrevet, vil kunne være grunn til å gå lenger ved revisjonen enn ved nyere konsesjoner”*. Utbygginga av Hemså kraftverk, som utnyttar det siste bratte fallpartiet i Hemsåna ned mot Hompland, gjer at samfunnet sitt tap av fornybar kraftproduksjon ved slepp av minstevassføring i Hemsåna vert mindre enn produksjonstapet Agder Energi har berekna. Bekkeinntaket Agder Energi har i Hemsåna ligg ca. 508 moh, men fallet vert ikkje utnytta til kraftproduksjon før vatnet har runne ned i Nespervatn med HRV 419,75 moh. Grovt rekna er det ei fallhøgde på ca. 370 m som vert utnytta gjennom Osen og Finså kraftverk. Dersom ein trekk i frå fallhøgda som vert utnytta i Hemså kraftverk (ca. 200 m), står ein att med eit tap på 170 fallmeter. Det vil i tillegg vera noko tap knytt til minstevassføringa som Hemså kraftverk er pålagt (60 l/s i sommarmånadane og 30 l/s i vintermånadane), men alt i alt for samfunnet, vert krafttapet mindre enn produksjonstapet til Agder Energi.

Konklusjon

Det er dei allmenne interessene som taper på at revisjonsprosessen drar ut i tid. Rådmannen meiner at dokumentasjonen av natur- og landskapsverdiar er tilstrekkelig til å slå fast at det er grunnlag for å pålegge minstevassføring. Rådmannen finn ikkje at det er tilstrekkelig dokumentert at allmenne interesser kan ivaretakast ved slepp av minstevassføringar som er *mindre* enn alminneleg lågvassføring. Dersom Agder Energi ønsker å legge fram meir dokumentasjon, kan NVE legge inn eit vilkår som opnar for ny revisjon av vilkåra knytt til minstevassføring etter 10 år.

Forslag til vedtak

Sirdal kommune krev at det vert stilt vilkår om heilårig minstevassføring i Lindåna, Hemsåna og Finsåna basert på alminneleg lågvassføring før regulering, målt i Finsåna etter samløp med Sagåni, i Hemsåna før samløp med Steiebekken og i Lindåna ved utløpet til Sirdalsvatnet. Kommunen sine krav om minstevassføring gjeld uavhengig av om det vert innvilga konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk.

Sirdal kommune meiner at kunnskapsgrunnlaget er for tynt til å forsvare pålegg om slepp av minstevassføringar som er *mindre* enn alminneleg lågvassføring før regulering.

For dagens situasjon, utan utvida slukeevne i Finså kraftverk, foreslår Sirdal kommune følgjande restriksjonar for manøvrering av Bjørnestadvatnet: Etter vårflaumen, skal heile lokaltilsiget til Bjørnestadvatnet nyttast til oppfylling av Bjørnestadvatnet fram til vasstanden kjem over kote 350,5 (2 m under HRV). Vasstanden skal så haldast over kote 350,5 fram til 15. september. Desse restriksjonane er ikkje til hinder for nedtapping i samband med flaumhendingar.

Dersom det vert gitt konsesjon for utvida slukeevne i Finså kraftverk, krev Sirdal kommune at NVE stiller ytterligare manøvreringsvilkår for å hindre negativ påverknad på landskapsverdien til Bjørnestadvatnet.

Sirdal kommune støttar grunneigarane sitt krav om etablering av rampe for utsetting og opptak av båtar i Bjørnestadvatnet.

Sirdal kommune ber NVE behandle revisjonssaka raskt. Mangel på kunnskap bør ikkje nyttast som argument for å utsette eller unnlate å fatte vedtak om endring av vilkår til fordel for natur, landskap og friluftsliv.

Saksprotokoll i Utvalg for teknikk, landbruk og miljø - 09.03.2021 – PS 21/11

Behandling

Kenneth Åsemoen (AP) vurderes inhabil i saken. Venche Anita Josdal (AP) er varamedlem.

- Lars Audun Fodstad (SP) fremmet endringsforslag til avsnitt 3:

For dagens situasjon, utan utvida slukeevne i Finså kraftverk, foreslår Sirdal kommune følgjande restriksjonar for manøvrering av Bjørnestadvatnet: *Frå lågassperioden sin slutt skal det uregulerte tilsiget til Bjørnestadvatnet nyttast til oppfylling av magasinet inntil 2 m under HRV. Vassstanden skal ikkje senkast igjen før 15. september.* Desse restriksjonane er ikkje til hinder for nedtapping i samband med flaumhendingar.

Endringsforslag til avsnitt nr. 3 ble enstemmig vedtatt.

- Venche Anita Josdal (AP) fremmet endringsforslag til avsnitt 1:

Sirdal kommune krev at det vert stilt vilkår om heilårleg minstevassføring i Lindåna, Hemsåna og Finsåna basert på alminneleg lågvassføring før regulering, målt i Finsåna etter samløp med Sagåni, i Hemsåna før samløp med Steiebekken og i Lindåna ved utløpet til Sirdalsvatnet. *Minstevassføring i Finsåna skal gjennomførast ved slepp av vatn frå både Nespervatn og Bjørnestadvatnet.* Kommunen sine krav om minstevassføring gjeld uavhengig av om det vert innvilga konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk.

I avsnitt nr. 4 byttes Bjørnestadvatnet med reguleringsvatna.

Endringsforslag til avsnitt nr. 1 og 4 ble enstemmig vedtatt.

- Anne Karin Liland (KrF) fremmer et tilleggs avsnitt:

Sirdal kommune krev at Agder Energi set av ein årleg sum til miljøfond for vassdraga. Fondet skal styrast av kommunen og kan søkast av dei berørte gnr. til miljøtiltak, fremme av fiske og tiltak for friluftsliv.

Tilleggs avsnitt ble enstemmig vedtatt.

- Berit Ovedal (FrP/ SL) fremmer et endringsforslag:

Avsnitt nr. 3 tas vekk.

Endringsforslaget falt med 6 (2SP, AP, 2H, KrF) mot 1 (Frp/SL) stemme.

- Berit Ovedal (FrP/SL) fremmer et tilleggsforslag til avsnitt nr. 5:

Båtopptreket i Nespervatnet må utbedrast.

Tilleggsforslaget ble enstemmig vedtatt.

Votering

Fellesforslag ble enstemmig tilrådt.

Tilråding fra utvalg for teknikk, landbruk og miljø

Sirdal kommune krev at det vert stilt vilkår om heilårleg minstevassføring i Lindåna, Hemsåna og Finsåna basert på alminneleg lågvassføring før regulering, målt i Finsåna etter samløp med Sagåni, i Hemsåna før samløp med Steiebekken og i Lindåna ved utløpet til Sirdalsvatnet. Minstevassføring i Finsåna skal gjennomførast ved slepp av vatn frå både Nespervatn og Bjørnestadsvatnet. Kommunen sine krav om minstevassføring gjeld uavhengig av om det vert innvilga konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk.

Sirdal kommune meiner at kunnskapsgrunnlaget er for tynt til å forsvare pålegg om slepp av minstevassføringar som er *mindre* enn alminneleg lågvassføring før regulering.

For dagens situasjon, utan utvida slukeevne i Finså kraftverk, foreslår Sirdal kommune følgjande restriksjonar for manøvrering av Bjørnestadvatnet: Frå lågvassperioden sin slutt skal det uregulerte tilsiget til Bjørnestadvatnet nyttast til oppfylling av magasinet inntil 2 m under HRV. Vasstanden skal ikkje senkast igjen før 15. september. Desse restriksjonane er ikkje til hinder for nedtapping i samband med flaumhendingar.

Dersom det vert gitt konsesjon for utvida slukeevne i Finså kraftverk, krev Sirdal kommune at NVE stiller ytterligare manøvreringsvilkår for å hindre negativ påverknad på landskapsverdien til reguleringsvatna.

Sirdal kommune støttar grunneigarane sitt krav om etablering av rampe for utsetting og opptak av båtar i Bjørnestadvatnet. Båtopptrekket i Nespervatnet må utbedrast.

Sirdal kommune krev at Agder Energi set av ein årleg sum til miljøfond for vassdraga. Fondet skal styrast av kommunen og kan søkast av dei berørte gnr. til miljøtiltak, fremme av fiske og tiltak for friluftsliv.

Sirdal kommune ber NVE behandle revisjonssaka raskt. Mangel på kunnskap bør ikkje nyttast som argument for å utsette eller unnlate å fatte vedtak om endring av vilkår til fordel for natur, landskap og friluftsliv.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 25.03.2021 – PS 21/20

Behandling

Per Øyvind Grimsby V var inhabil og fratrådte. John Marius Ousdal V møtte som vararepresentant i saken.

Endringsforslag fra Morten Ovedal FRP/SL:

Båtopptrekene i Nespervatn, Førevann og Kulimagasinet må utbedrast.

Votering

Utvalg for teknikk, landbruk og miljøes tilråding med endringsforslag fra Morten Ovedal FRP/SL ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

Sirdal kommune krev at det vert stilt vilkår om heilårleg minstevassføring i Lindåna, Hemsåna og Finsåna basert på alminneleg lågvassføring før regulering, målt i Finsåna etter samløp med Sagåni, i Hemsåna før samløp med Steiebekken og i Lindåna ved utløpet til Sirdalsvatnet. Minstevassføring i Finsåna skal gjennomførast ved slepp av vatn frå både Nespervatn og Bjørnestadsvatnet. Kommunen sine krav om minstevassføring gjeld uavhengig av om det vert innvilga konsesjon for utviding av slukeevna til Finså kraftverk.

Sirdal kommune meiner at kunnskapsgrunnlaget er for tynt til å forsvare pålegg om slepp av minstevassføringar som er *mindre* enn alminneleg lågvassføring før regulering.

For dagens situasjon, utan utvida slukeevne i Finså kraftverk, foreslår Sirdal kommune følgjande restriksjonar for manøvrering av Bjørnestadvatnet: Frå lågvassperioden sin slutt skal det uregulerte tilsiget til Bjørnestadvatnet nyttast til oppfylling av magasinet inntil 2 m under HRV. Vasstanden skal ikkje senkast igjen før 15. september. Desse restriksjonane er ikkje til hinder for nedtapping i samband med flaumhendingar.

Dersom det vert gitt konsesjon for utvida slukeevne i Finså kraftverk, krev Sirdal kommune at NVE stiller ytterligare manøvreringsvilkår for å hindre negativ påverknad på landskapsverdien til reguleringsvatna.

Sirdal kommune støttar grunneigarane sitt krav om etablering av rampe for utsetting og opptak av båtar i Bjørnestadvatnet. Båtopptrekene i Nespervatn, Førevatn og Kulimagasinet må utbedrast.

Sirdal kommune krev at Agder Energi set av ein årleg sum til miljøfond for vassdraga. Fondet skal styrast av kommunen og kan søkast av dei berørte gnr. til miljøtiltak, fremme av fiske og tiltak for friluftsliv.

Sirdal kommune ber NVE behandle revisjonssaka raskt. Mangel på kunnskap bør ikkje nyttast som argument for å utsette eller unnlate å fatte vedtak om endring av vilkår til fordel for natur, landskap og friluftsliv.

Inge Hedenstad Stangeland
Rådmann

Sven Sandvik
Plan- og miljøkonsulent

Parter i saken